

## Agder Historielag

Postboks 136  
4662 Kristiansand S  
bankgiro 3000.20.36165  
agder@historielagene.no  
Mobil 458 65 237



### Protokoll

#### Styremøte i Agder Historielag 8. oktober 2018, kl 16:30-19:30 på Stiftelsen Arkivet, Kristiansand.

- Til stades: Arna Berg, Birgit Attstog, Eilert Skjævestad, Morten Aslaksen, Kurt Sandman, Helge Røed, Anne Tone Aaneby og dagleg leiar Kim Bredesen.
- Forfall: Hans Christian Lund
- Sak 34/18: **Godkjenning av innkalling og saksliste.**  
Samrøystes godkjent.
- Sak 35/18: **Godkjenning av protokoll frå møtet 20. august 2018.**  
Samrøystes godkjent.
- Sak 36/18: **Status økonomi.**  
Rekneskapsoversyn pr. dato blei teke til etterretning.
- Sak 37/18: **Haustmøte 2018 - Tema kulturarv og kulturminner.**  
Program for haustmøtet laurdag 13. oktober kl. 12:00 – kl. 16:00 på Stiftelsen Arkivet, Kristiansand.  
Velkomst og leiinga av arrangementet, ved Arna Berg styreleiar i Agder Historielag.  
"Vern gjennom bruk", foredrag ved Erik Lillebråten, direktør for norsk kulturarv.  
"Uthavner i verdensklassen", foredrag ved Aadne Sollid, seksjonsleder kulturminnevern Aust-Agder fylkeskommune.  
"Uthavner til besvær og glede", foredrag ved Frans-Arne Stylegard, arkeolog og areal- og byplanlegger for Multiconsult.  
"Agder i grenseland", foredrag ved Olav Grenstad, skodespelar og regissør frå uthavna Ny-Hellesund i Søgne.  
Enkel servering. Deltakeravgift kr. 200,-.  
Praktiske oppgåver blei fordelt mellom styremedlemene og sekretæren.
- Sak 38/18: **Magasinet Egde.**  
Kim Bredesen orienterte om at han er à jour med magasinet som skal koma ut i haust.

Utgjevingsplan for Egde i 2019 kjem ein attende til i neste møte i samband med budsjett og årsplan.

Sak 39/18: **Agders Historie.**

Agders Historie er planlagt i 7 bind, 4 bind er ferdig, og 3 bind er nå under arbeid av tre forfattarar/historikarar. Styret gjekk igjennom status for dei binda som er under arbeid. Ein bør gje ut eit bind om gongen, og at det bindet som har kome lengst vert prioritert.

Styreleiar og dagleg leiar skal møta i redaksjonskomiteen 14. og 15. november.

Sak 40/18: **Orienteringssaker**

- Kim Bredeesen orienterte om Arendalsveka
- Eilert Skjævestad orienterte frå turen til Telemark og Vestfold 30.08 – 02.09.18.
- Konferanse 11. oktober, innspel frå frivillige kulturorganisasjonar til Regionplan Agder 2030, Eilert Skjævestad, Anne Tone Aaneby deltok saman med Arna Berg som og hadde innlegg.
- Regionplan Agder, konferanse på Refsnes 23.10.18, Birgit Attestoga deltok.

*Arna Berg*  
Arna Berg  
Leiar